

Sjå høyringsliste

Dykkar ref

Vår ref
200502992/ANM

Dato
12.07.2005

Høyringsnotat om endringar i helsepersonelloven § 48 f)

Helse- og omsorgsdepartementet sender med dette på høyring forslag om endring av helsepersonellova § 48 første ledd bokstav f).

Forslaget går ut på at den helsepersonellgruppa som i dag blir kalla farmasøyt, blir erstatta med to grupper med nye nemningar. Dei nye nemningane vil i større grad reflektere fagkompetansen til gruppene. Der utdanningskravet er femårig universitetsutdanning i farmasi på mastergradsnivå eller cand.pharm.-eksamen, føreslår departementet at ein nyttar tittelen farmasøyt-provisor. Vidare føreslår departementet at ein nyttar tittelen farmasøyt-reseptar der utdanningskravet er treårig høgskuleutdanning i farmasi på bachelorgradsnivå eller reseptareksamen.

Vi ber om at merknader til høyringsnotatet innan *12. oktober 2005* til:
Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo

Merknadene kan også sendes elektronisk til: postmottak@hod.dep.no. Høyringsnotatet er lagt ut på internettsida til Helse- og omsorgsdepartementet under adresse: <http://odin.dep.no/hod/norsk/dok/hoeringer>.

Med vennleg helsing

Elisabeth Salvesen e.f.
avdelingsdirektør

Anne Myhr
seniorrådgjevar